



Hans Reidar Kjærland, her i rolla som vassverkleiar, meiner politikarane må gjera grep for å forenkla feltutbyggjinga. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Hans Reidar Kjærland, som har eitt bustadfelt i Skårhaug, hadde ei klar oppmoding til politikarane under ettervalmøtet i Gamleskulen: - Å leggja ut eit privat bustadfelt er svært kostbart og det tar svært lang tid og er dyrt å lose ein reguleringsplan gjennom systemet. Politikarane må gjera denne prosessen enklare.

Kjærland har hatt ni tomtar til rådighet i Skårhaug men har opplevd tregt sal. Han har førebels seld fire og jobbar med salg av ein eller to til, opplyste han under møtet.

Også dei som eig Ospelunden-feltet opplever at det ikkje er lett å koma vidare. Her er det laga reguleringsplan, men det manglar teknisk plan og grunneigarane ventar på at nokon som har midlar vil kjøpa og setja igong, Kjell Yri opplyste at det er gjeve grønt ljós for byggjing av tre hus nær Kroka med tilknytting til hans veg og kloakk. Det er også tre interessentar og hvis dei får bygt vil det bli litt pengar til opparbeiding av feltet. Men det er seks grunneigarar som skal vera saman om dette.

Ellers vart det opplyst at utleigeprosjektet på butikken (fem leilegheiter) har kome eit skritt vidare. Anbudspapir er på veg ut. Ein vil framleis freista med utleige eller eventuelt seksjonering. Morten Harsvik presenterte sitt prosjekt med 16 sentrale leilegheiter og meinte at det vil gå glatt igjennom i kommunen.

Møteleiar Kristian Bringedal og andre var også innom dei andre aktuelle prosjekta i Uskedalen – på Eikelandet, i Beinavikjo og på Vertshuset. Han sa at bygda no har eit utruleg godt og allsidig tilbod og at det er viktig å få til ein effektiv og samla marknadsføring.

Av Ola Matti Mathisen